



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato  
05.12.2017  
Dykkar dato  
28.11.2017

Vår referanse  
2017/14510 512.1  
Dykkar referanse

Nils Olav Meavatne  
Nordbustaddalen 406  
5687 FLATRÅKER

## Tilskot til klima- og miljøtiltak i jordbruket - Livredderen - formidlingsprosjekt gammelnorsk spælsau

Vi viser til søknad om støtte til bokprosjektet «Livredderen», om den gamle norsk spælsauen. Vi viser òg til samtaler med fotograf Nils Mevatne og deltakar i prosjektet Marit Adelsten Jensen v/Museumssenteret i Hordaland.

**Vedtak: Fylkesmannen i Hordaland løyver kr 35.000,- til Nils Olav Meavatne for medfinansiering av bokprosjektet «Livredderen», om den gamle norsk spælsauen.**

### Vilkår og utbetaling

- Tiltaket skal gjennomførast og rapporterast innan 5.1. 2020.
- Prosjektet vert fullfinansiert og gjennomført i høve til prosjektplanen.
- Eventuelle endringar i prosjektplan eller budsjett skal søkast skriftleg til FMLA.
- Oppmoding om sluttutbetaling og kontonummer skal leggjast ved sluttrapport og revidert prosjektrekneskap.
- Reduserte kostnader i høve budsjett vil vanlegvis føre til tilsvarende reduksjon i tilskotsutbetaling. Andre avvik frå vilkår eller prosjektskildring kan og medføre avkorting.
- Tilskotet skal ikkje dekkje ordinære drifts- og administrasjonskostnadar.

### Klagerett:

Mottakar har rett til å klage. Klagen skal stilast landbruksdirektoratet, postboks 8140 Dep, 0033 Oslo, og sendast Fylkesmannen ved landbruksavdelinga. Klaga bør vere grunngjeve jf. § 32 i forvaltningslova. Klagefrist er tre veker frå dagen de mottar denne løyvinga.

### Utgreiing

Den spesielle ullkvaliteten hos gamalnorsk sau og gammelnorsk spælsau med dekkhår og botnull, blir ikkje godt nok teke vare på i dagens avlsarbeid og sauehald. Tilskotsordningane for sauehald har no auka fokus på slaktekvalitet, og kan innebere at også dei gamle sauerasane i auka grad blir kryssa med rasar som har meir kjøttfylde, med påfølgjande tap av ullkvalitet.

Det er eit behov for arbeid med opplysning og for å skape engasjement for ullkvalitet blant bønder som har dei gamle norske rasane. Ullkvaliteten med dekkhår har vore føresetnad for busetting og for utbreidd bruk av ull til ulike klede og andre tekstilar. Med å ta betre vare på kvaliteten med dekkhår,

kan ulla i større grad bli bruk til ulike tekstilformål, jmf lokale produkt og husflid. Kunstdokumentaren «Livreddaren» har sett fokus på ullkvaliteten og bruk til tekstil. Bokprosjektet «Livreddaren» vil vere ei god oppfølging av dette med utvida fokus og ei breiare målgruppe.

Fylkesmannen i Hordaland vurderer at dette bokprosjektet vil vere eit viktig bidrag i å kunne påverke ullprodusentane til å ha anna fokus på avl og ullkvalitet. Boka kan vere nyttig for produsentar som vil satse på ull som eit produkt til den lokale marknaden. Dette kan vere eit nyttig supplement for skjøtsel av kulturlandskap, kanskje særleg i tilknytting til kystlandskapet og lynchheiene. Boka vil få fram nyttig kunnskap omkring driftsformar knytt til dei gamle sauerasane.

Vi håpar at boka i tillegg til gode bilete og god omtale av dei historiske tilhøva, også kan ta for seg noko om ullkvalitet relatert til utfordringar og moglegheiter i dag. Dette kan inkludere ullkvalitet i høve til dyrevelferd ved utgangsdrift, eller også i høve til karing av værlam og rasestandard. Dersom det er mogleg, kunne vi ønskje at det blei arrangert fagdag for bønder og andre aktørar når boka er ferdig.

Med helsing

Åse Vaag  
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*